

Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd 12. januar 2016
Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 19.30

Desse møtte: Torbjørn Støylen, May Lisbeth Hovlid Aurdal, Bjørg Djupvik Grebstad, Janne Beate Svindseth, Ole-Petter Solnørdal, Helge Standal og Knut Henning Aursnes.

Sak 01/16 Godkjenning av innkalling og sakliste
Vedtak: innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 02/16 Godkjenning av referat fra møte 10.11.2015
Vedtak: referatet vart godkjent.

Sak 03/16 Trusopplæringsplanen
Vi har motteke svar frå biskopen om at planen er godkjent.
Sjå vedlegg «Godkjenning av lokal plan for trusopplæring» og «Avsluttande kommentar til godkjent plan Sykkylven og Ikornnes»

Soknerådet ønsker å utarbeide ein plan for å ta opp større arbeidsfelt i nærmere dialog med involverte medarbeidrarar og frivillige i soknet.


Vedtak: Soknerådet ber om følgjande endring vert gjort: «Samarbeid mellom skule og barnehage skal ikkje vere ein del av trusopplæringsplanen».

Sak 04/16 Offer i gudstenestene i Sykkylven kyrkje.
Vedlagt ligg offerliste for 2015. Soknerådet samtalte om:

- Er det slik vi skal gjere det i 2016?
- Skal vi ha andre offerformål?
- Skal vi ha ei anna fordeling av interne/eksterne offer?

Vedtak: Offeret i gudstenestene vert som i 2015 med følgjande endringar:

- Offer til Opne dører vert tatt bort
- Julaftan vert delt mellom Strømmestiftelsen og Kirkens Nødhjelp
- Kirkens Nødhjelp reduseres frå tre til to offerdagar
- Strømmestiftelsen aukar frå ein til to offerdagar
- Offeret til Kirkens Bymisjon skal vere til Kirkens Bymisjon Møre



Sykkylven sokneråd

Til samtale:

Soknerådet hadde refleksjonsnotat frå Helge Standal «Frå middagsbord til nattverdsbord» til samtale. Helge innleia samtalen. Refleksjonsnotatet følgjer som vedlegg.

Soknerådet samtalte litt om dåpspraksisen i kyrkjene på møtet i november 2015. Sidan det er prestane som er ansvarleg for sakramentsforvaltninga som dåp, kan ikkje soknerådet gjere vedtak om dette.

Helge orienterte om at det i Sykkylven er mulegheit for dåp kvar søndag frå januar til Påske og frå august til desember. Elles er det mulighet for dåp tre gonger i månaden. Det er i dag ei grense på fire dåpsborn i kvar gudsteneste.

Orientering om:

Møteplan for 2016:

9.februar, 15.mars, 26.april, 7.juni, 6.september, 11.oktober, 8.november, 6.desember.

Medarbeiderfesten skal arrangeres 30. mars 2016.

Referent: Knut Henning Aursnes



DEN NORSKE KYRKJA

Møre biskop

Mottakere ifølge liste

Dato: 19.12.2015

Vår ref: 15/263 - 21 CFK (15/47882)


Dykkar ref:

Godkjenning av lokal plan for trusopplæring i Ikornnes og Sykkylven

Ut i frå retningslinjene i **Plan for trusopplæring GUD GIR - VI DELER**, har biskopen vurdert planane for Ikornnes og Sykkylven sokn.

Vurderinga bygger på følgjande grunnleggande prinsipp:

- Trusopplæringa skal vere systematisk og samanhengande, når det gjeld innhald og oppbygging.
- Trusopplæringa skal vere heilskapleg, ha eit visst omfang og vere realistisk ut i frå dei lokale forhold.
- Trusopplæringa skal vere for alle døypte, 0-18 år, uavhengig av funksjonsevne.



Biskopen i More godkjenner dei lokala planane til kyrkjelydane i Ikornnes og Sykkylven

Kyrkjelydane sine godkjente planar skal fungere som eit styringsinstrument for vidare utvikling av trusopplæringa i kyrkjelydane, og også vere styrande for bruken av trusopplæringsmidlane.

Den lokale planen bør bli gjennomgått av soknerådet ved planlegging av året, og skal bli revidert ein gang kvar soknerådspериode. Dette skal ivareta fornying og vidare utvikling.

Dersom det blir gjort omfattande endringar i forhold til den godkjente planen, skal den reviderte utgåva bli sendt biskopen til ny vurdering og godkjenning.

Biskopen vil takke kyrkjelydane for det gode arbeidet som er gjort, og ønskjer at planen må bli eit godt reiskap til å fornye og styrke trusopplæringa i åra som kjem.

Med ønskje om Guds velsigning over arbeidet

Med helsing

Ingeborg Midttømme
biskop

Christfried Kaul
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Prosten i Austre Sunnmøre
Soknepresten i Ikornnes
Soknepresten i Sykkylven

Kyrketorget
Postboks 161
Postboks 161

6240
6239
6239

ØRSKOG
SYKKYLVEN
SYKKYLVEN



Mottakere:

Ingrid Fredly	Gjævenesvegen 140	6224	HUNDEIDVIK
Sykkylven kyrkjelege fellesråd	Postboks 161	6239	SYKKYLVEN
Sykkylven sokneråd	Postboks 161	6239	SYKKYLVEN

Avsluttande kommentar til godkjent plan for trusopplæring i Sykkylven og Ikornnes

Så heldige borna og ungdomane i Sykkylven og Ikornnes er! Dei har no fått flotte og innhaldsrike planar for trusopplæring. Ein ny medarbeidar vil ha eit godt grunnlag til å starte opp arbeid etter planen. Gratulerer ☺

Vi ser at de har utvikla gode planar med godt og spanande innhald. De har utarbeidt to omfangsrike planer som ivaretok breddet og kontinuitet på ein god måte. Tiltaka bygger godt på kvarandre og gir brei opplæring med ulik metodikk og god invgolvering av stab og frivillige.

For kyrkja si lære er den treeinige Gud eit viktig grunnlag som godt kunne bli formulert også i målsettinga under første strekpunkt.

I sentrale dimensjonar har de formulert ein del ambisjonar og målsettingar. Det er godt å ha noko å strekke seg etter og vil bidra til å utvikle arbeidet vidare.

Under musikk og kultur er samarbeid med skulene / barnehagane detaljert oppført.

Samarbeid med skule / barnehage skal ikkje vere del av trusopplæringsplan. Det som godt kan bli nemnt under dette punktet er at trusopplæringa kan, gjennom eit godt samarbeid med barnehage og skule, bygge på ein eksisterande salmeskatt og god kjennskap til liturgi.

Det vil bli spanande å sjå på kva måte dei nyere tiltak sutvikler seg og vi ønskjer dykk at det er mange born som møter opp og mange frivillige er med å støtte opp under dette arbeidet. Vi vil kome tilbake til dette i kontaktsgatelen og generell rådgjeving.

De er no i gang med ein stor reform i den norske kyrkja og det er viktig å være klar over at det tek tid å byggje opp mange nye tilbod. Vi vil ynskje dykk lykke til og mykje tålmod med dette viktige arbeidet! Tusen takk for alt de har gjort til no og Guds velsigning i det vidare arbeidet ☺

No må de feire planane med kake!



Offer i gudstenestane i Sykkylven kyrkje 2016

1. For 2016 vedtar Sykkylven sokneråd 27 offer til eksterne organisasjonar, 23 offer til kyrkjelydsarbeidet.

2. Offer til eksterne:

NMS (inkl. misjonsprosjektet):	4
NLM	1
Den norske Israelsmisjon	2
Kirkens Bymisjon Møre	1
Det norske Bibelselskap	1
ACTA	1
Kirkens Nødhjelp	2
Kirkens SOS	1
Strømmestiftelsen	2
NKSS (Laget)	1
Himalpartner	1
Ung kyrkjesong	1
Sunnmøre Søndagsskulekrins	1
Speidargruppa i Sykkylven	1
Sjømannskirken	1
Stefanusalliansen	1
Wycliffe (Bibeloversetjing)	1
Misjonsalliansen	1
KRIK	1
KFUM/K	1
Åkerlehaugen	1

- Soknerådet gjev soknepresten fullmakt til å fordele offersøndagar, og å vurdere om dei interne offera skal gå til kyrkjelydsabeidet generelt eller til spesielle greiner av arbeidet.
- Dersom det blir søndager "til overs", får soknepresten fullmakt til å vurdere offer på desse søndagane, og legg fram ei oversikt/orientering for soknerådet ved utgangen av året.